

FINNMARK KRAFT AS
Postboks 1500
9506 ALTA

Vår dato: 19.03.2020
Vår ref.: 200701187-149
Arkiv: 511
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Thomas Mo Willig

Finnmark Kraft AS - vedtak om utsett frist for idriftsetting av Hamnefjell vindkraftverk, Båtsfjord kommune

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 17.12.2019 frå Hamnefjell Vindkraft AS om utsett frist for idriftsetting av byggetrinn to av Hamnefjell vindkraftverk frå 01.01.2020 til 31.12.2021.

Bakgrunn

Endeleg anleggskonsesjon for Hamnefjell vindkraftverk vart tildelt Finnmark Kraft AS 29.02.2012. Den 12.02.2013 vart konsesjonen overført til Hamnefjell Vindkraft AS (HV).

HV opplyser at det ikkje var mogleg å installera den konsesjonsgitte effekten på 120 MW i 2015, og utbygginga vart delt opp i to byggetrinn. Første byggetrinn vart realisert hausten 2017 og var på 51,8 MW, andre byggetrinn kan først realiserast når nettkapasiteten tillèt det.

I anleggskonsesjonen til Hamnefjell vindkraftverk angir vilkår nr. 2 at anlegget må vera fullført og sett i drift innan 01.01.2020, medan vilkår nr. 3 forutset dokumentasjon av ledig nettkapasitet før utbygging av vindkraftverket kan starta.

Søknad

HV informerer at dei har vore i kontakt med Statnett og søkt om ytelegare nettkapasitet, sist sumaren 2018 då Statnett opna for 50 MW ledig kapasitet. Denne kapasiteten vart tildelt Raccovidde vindkraftverk. Mars 2019 signerte Finnmark Kraft og Varanger Kraft ein samarbeidsavtale med Statnett om utvikling av netttiltak for vindkraft på Varangerhalvøya.

HV meiner dei har prøvd å realisera trinn to innan fristen for idriftsetting 01.01.2020, men det har ikkje vore teknisk mogleg. HV søker derfor om utsett frist for idriftsetting fram til 31.12.2021, med moglegheit for ytterlegare fristforlenging. Innan 31.12.2021 forventar dei å ha meir informasjon omkring ledig nettkapasitet. HV er innforstått med at det kan bli nødvendig med tilleggsutgreingar som følge av at det vil ha gått lang tid mellom når konsesjonen vart gitt og realisering av byggetrinn to.

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVEs vurdering

NVE viser til at fristen for idriftsetting av Hamnefjell vindkraftverk gjekk ut 01.01.2020, og at HV søkte om utsett frist før denne datoen. NVE stør seg til HV vurdering at det var mangel på ledig nettkapasitet som gjort det umogleg å realisera byggetrinn to innan den opphavlege fristen.

Det er administrativ praksis i NVE å gi utsett frist for idriftsetting av vindkraftverk fram til og med 31.12.2021. For ein eventuell søknad om utsett frist etter 31.12.2021, må det sendast inn ein ny søknad med oppdaterte utgreiingar.

NVE har ikkje funne det naudsynt å senda søknaden på høyring ettersom det er administrativ praksis å forlenga frist for idriftsetting fram til 31.12.2021. NVE ber Hamnefjell Vindkraft AS om å orientera aktuelle grunneigarar og andre rettshavarar om vedtaket.

NVEs vedtak

Med heimel i energilova § 3-1. jf. § 10-4, andre ledd, gir NVE Hamnefjell Vindkraftverk AS utsett frist for idriftsetting av Hamnefjell vindkraftverk til 31.12.2021.

Klagerett

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Arne Olsen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Båtsfjord kommune
Finnmarkseiendommen (FeFo)
FYLKESMANNEN I TROMS OG FINNMARK
Raggonjarga (Rakkonjarga) reinbeitedistrikt - Reinbeitedistrikt 7, Øst-Finnmark
TROMS OG FINNMARK FYLKESKOMMUNE